



Musikklaget speler, og her er jubilaranten(nr.2 f.v.) komen med på kornetten sin.

Uskedal musikklag har siste månadene heidra fleire som betyr og har betydd mykje for korpset, med glad korpemusikk når dei har fylt runde år. I dag var dei til Sunde og spela til ei ny jubilarant, Svein A. Sunde, som feira at han runda 70 år. Han har vore svært aktiv i laget sidan han kom med som fersk lærar i bygda i 1971.

Ni medlemmer frå musikklaget stilte opp og gledde jubilaranten og gjestene med musikk. Tonane flaut flott utover Sunde-bygda. Etter gratulasjonssong og tre gonger hurra spela korpset 'Hurra for deg som fyller ditt år'. Deretter bar Thor Inge Døssland fram helsingord frå musikkvenene samstundes som Knut Steinsletten overrekte jubilaranten ei vakker blomekorg. I helsinga vart det halde fram at Svein hadde ein særskild plass i lagsoga. Han har ikkje berre vore ein dyktig og stødig musikanter, heile tida på solokornett. Han har gjennom alle åra vore engasjert og har lagt ned mykje arbeid i lagsdrifta. No har bandet eit stort og breitt repertoar takka vera det gode arbeidet som han bidrar med i innøving av nytt stoff i samarbeid med Knut Steinsletten.

Etter helsinga fortsette musikanterane med ein marsj og ein tysk vals før dei avslutta med 'Jubilarant-march' av tidlegare dirigent i korpset, Per Olav Paulsen. På dei to siste nummera tok jubilaranten utfordringa, henta kornetten og spela med.



Etter spelinga fekk musikarane smakfull servering.

Etter spelinga vart alle musikarane invitert inn på fantastiske smørbrød og eit vell av gode kaker. Dette toppa den kjekke stunda for den aktive musikkjungen, og det var tydeleg at både jublant, vertskap og gjester sette pris på musikkbesøket.

At musikarane set stor pris på jubilanten, vart mellom anna understreka ved at ein av dei kom heimom frå påskeferie i Røldal og returnerte etter 'oppdraget'.

Neste speling for musikkjungen vert truleg om ein månads tid. Då står speling på Rosendalstunet på planen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto(etter oppdrag): Brita F. Sunde.